

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Agdenes

Emne: Daude og gravferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse):

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dødsvarslar.

1. Når fyrste erla (ringela) ein såg om våren vende brjostet imot, var det eit feigdarteikn. Om kattugla sat på hustak på garden, om reven søykte kring husa om natta, skulde einkvan der døy det året. Var nokon sers heldig i arbeid eller fortjeneste, serleg om ein fiska godt på sjøen, var det sagt at han var fêg (Han fiska for feigda). Eit feigdavarsel var det for brur eller brudgom, om kvit rev sprang tvers over vegen for dei på veg til kyrkja.
2. 3. 4.
5. "Helligmaur" eller "feigdalus" har vi ikkje høyrd gjete. Men "går det lus på eit nytt plagg, får han slite det med sorg, men er det ei loppe skal han få slite det med gleda".
6. Om mathugen har vi ord om at ein er "holsvolten", kanskje det heng ihop med "helsvolten" - ei feigdarutsegn.

Dødslega.

7. Det var ikkje slik at ein skulde døy på ein viss stad i huset. Men husa var små og med få rum, så den sjuke måtte ha den plass som høvde best.
- 8.
9. For at dei kunde få døy lettare, var det tale om at dei skulde kvelve ei gryte over hovudet på den sjuke. Denne råda skulde vera kome frå Frøya, men ho har vist ikkje vore brukt her.
10. Her i bygda sende dei ikkje bod etter presten, mest avdi det var svært hard veg (sjøveg) etter han.
- 11.
12. Dei sendte gjerne bod etter ein "lekmann", ein som var heldt for å vera ein rett kristen, og som kunde rettleide og trøyste den døyande.

- 2
13. Ved fleire høve har det vore sagt ifrå, at det skulde ikkje vera kransar eller blommar på kista, og i enkelte høve var det sagt, at om nokon vilde gi kransar, så måtte dei heller leggja verdet som gåve til heidn.misjonsarbeidet.

Tida millom avferd og gravferd.

14. Dei segjer helst "flytta", "flytta heim", når dei ikkje segjer "døydd" (eller "dødd").
15. Prøve - t.d. med spegjel eller fjer eller skarp røyk - om dei er død, har neppe vore gjort.
16. Folk har tala om "skindøde" (dvaldaude); men det er ikkje gjete om slik tilstand med nokon her.
17. Dei lukka augoloka saman, men det har ikkje vore tale om å legge pegemynt på dei;
18. Dei la (legg) salmebok under hoka på den avlidne så underkjaken ikkje skal falla ned og munnen bli ståande open. Dei bruker salmebok, avdi det var letaste hjelperåda å ta til og dertil ein gamal skikk, som sikkert nokk hadde eit kristeleg opphav.
19. Grannane skulde ikkje varslast - d.v.s.: det var ikkje om å gjera; men det var ikkje noko i vegen for at dødsfallet vart kjendt. Serskild bodmann vart ikkje sendt ikring med tidna.
- 20.
21. For husdyra vart det ikkje gjort noko serskild.
22. I tida kring år 1900 var det ennda skikk å opne vinduet, henge duk eller eit sjal over spegjeljen, og framfor alt: stanse klokka i dødsromet. Elles vart det ikkje gjort noko med tinga i romet. Også etter det nemnde år har dei sume stader heldt seg etter nokre av desse skikkar.
23. Akkurat i viss tid skulde ikkje den avlidne ligge fyre utberinga; men det har vore (og er) omlag eitt døger, som vel òg er det meste.
24. Liket vart lagd (helst) på låven - avdi det var vandt om annan høveleg stad - på eit bord samansleige av fjøler for det serlege høve, og opplagd slik at uty ikkje skamferte liket. Liket vart (bli) ikkje lagd på halm eller anna strø, men innsveipt i eit laken eller teppe. Vi segjer han (ho) "ligg på likstrå", ennda det ikkje er eit einaste strå under liket; men ordlaget må vera frå ei tid det var vanleg å ha halm eller høy under liket. Vi meiner alltid, når liket er lagt ut.
- 25.
- 26.
27. Senghalmen vart brendt, men det kunde gå nokre dagar til. Men alltid fyre jordeferda. Gamle kledda som var slitne og styggvart brendt samstundes.
29. Som fyrr nemnd er det ikkje noko "likstrå" no, men om det var så vart det vel ikkje brendt utan etter fårleg sjukdom; men om så var vart det vel brendt straks liket var lagd i kista.
30. Liket vart (bli) stelt når ein får kista - sån om
31. 2 - 3 dagar - . Til dette får ein hjelp av grannar

32. og vener som er vand med slikt stell. Dei kledde seg ikke på serskild måte - som til gravferd - , men skifta av seg dei daglege arbeidskleda og kledde seg som til sundag.
33. Håret vart (bli)stelt på liket.
34. Mennerne har ikkje alltid vorte raka. Eg trur dei var meir om det fyrr enn no.
35. Neglan' vart nokk ikkjeklypt.
36. Men liket vart vaska.
37. Likvatnet vart bort slege - der det best høvde - og vart ikkje brukt til noko.

Likkleda.

38. Vi segjer : å kle likje.
39. Men likkledan' kaller vi "sveip", "Lksveip".
40. "Likblæja", "sveiplaken" er ukjendt. Men "liklaken" var brukt den tid det ikkje vart kjøpt ferdige likkleda. Liket vart sveipt eller nedbreidd i det og hadde til det bruk høveleg storleik.
41. Det var ingen fast skikk med bruralaken til liklaken, men det var vonleg tilfelde ein måtte bruke det.
42. Vanleg var underkledan på, ikkje på føterne. Det har vore funne gamle lik på kyrkjegarden som hadde ytterkledan' på, men slikt har vore heldt for ein styggedom og at det i samanheng med det har vore gjort noko sers galt.
43. Både brudgomsskjorte og bruralin har vore brukt til likkleda, og dei hadde også likskjorte ferdig-sydd. Men det var i den tid dei måtte laga likkledan' heime.
44. Likklean' skulde ikkje akkurat vera av lin. Men dei brukte vel lin, avdi det kanskje var lite om bomulllerret.
45. Nei, føterne skulde ikkje stikke fram. I mange tilfelde hadde liket hosa på, men ikkje sko.
47. Hovudplagg på lik har det ikkje vore i dette hundradåret. Men kring åra 1890 var det kledd kvinnelik med kvit huve (kyse) av lin- eller bomullerret, men dette var ikkje vanleg.
48. 49. For gamle, og unge, eller for barselkvinner var det eins likkleda.
50. Ingen blonder, men dei klyppte tungar m.v. i kantane.
51. Det er no lenge sea dei tok til å kjøpe ferdige likklea. Ein kan vel rekne frå tida frå 1900. I fyrstinga laga dei likklea heime likevel, om dei var å få ferdig. Dei kjøpte "liksjertng" og sydde av.
52. No kjøper alle ferdige likklea, av papir (sjeldan) eller av ymse slags ty - etter som dei har råd til. (no har alle god råd, "staten betaler" !)
53. Til vanleg segjer dei ikkje "sveip", men "likklea".
54. 55. 56. 57. Til desse spursmåla må eg segja nei.
58. Fyrr i tida hadde sume kista ståande ferdig, og einkvan hadde vyrkje liggjande, gjerne ein bygdasnikkar.
59. Det skulde ikkje nett vera trenagla i kista, men i endre tid brukte dei trenagla, avdi det var smått om spikar. (Vi har her eit båtnaust bygd kring 1840 medbordkledning som er nagla).
60. Det var alltid taughankar - 3 på kvar sida - til å
61. bera kista etter. Gjerne ein "heimsnikkar" laga kista.
62. Kista var svart, av limvatn og "kimrøk".

4
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

63. Kvitmåla kistar tok dei til med kring åra 1900, men jamn overgong til kvite kistar var det ikkje, fyrr ein kan segja omlag 1930, - men enno hender det at det bli brukt svart kiste.
64. Nei, ikkje óp i kistlokket.
65. Underlaget ikkista var hyvelspon eller halm, og
66. hodeputa fyld av det sama.
67. No bli kista kjøpt ferdig og mesta alltid kvit.
68. 69. Dei avlidne skulde ikkje ha noko med i kista.
70. Kista vart pynta - med kransar og lengder av grønt, (gran, lyng, eine). Men dette mindre no folk har råd til å kjøpe.
71. 72. 73. -
74. Det har ikkje vore skikk med samling av slekt og vener med andakt ved "kistlegginga".
75. 76. 77. -
78. Kista stod (står) helst på låven, men også i eit anna rom om ein har det. Men utan pynt.
79. Barhytte har det ikkje vore
80. 81. -
82. Liket skulde ligge med fotan' mot døra.
83. Loket var lagd på, men med ein gløtt i kanten.
84. 85. Ansiktsduken kalles "salvet", storleik som eit lommeturklé og utklypt til lite stas rundt kantan'.
86. Grannar og vener kom gjerne for å sjå liket når det var lagd i kista.
87. Vi har ikkje gravkapel i vår bygd.
88. -

Sorg.

89. Ja, det skulde vera mest muleg stilt medan liket stod på garden.
90. Elles var det ikkje noko serleg å akte på.
91. Det var tale om "syrgjetid", men det var ikkje heldt noko. Liv og arbeid måtte gå si gonge som vanleg.
92. -
93. 94. Serskilde syrgjetrakter hadde folk ikkje, men kvinnerne såg til å ha myrke kleda, så langt dei kunde. Og mennerne hadde kyrkjekledan'. Folk hadde ikkje mykje å velgje i. Dei hadde jamt over berre ein helga- kyrkje-klednad.
95. 96. 97. Nei.

Syngje ut likjet.

98. Gravferda skulde helst vera vekasdagen etter avferda. men når ein venta gravelsfolk noko langveges frå, måtte (må) tida måtast til så det hōvde for deim, men helst ikkje på sundag.
99. Vi segjer "begravels".
100. Når den avlidne skulde fōrast til kyrkjegarden, vart kista (med den avlidne) bore inn i stua, såsannt det var (er) plass der til det, og bli sett på 2 krakkar eller stolar som det er lagt eit laken over. Lokket er da på og bli ikkje meir avtikje. Kransar og annan pynt var da lagd på kista. I eit høve har eg set det norske flagg på kista, men da var det ingen kransar.
101. 102.
103. Ein gong for lenge sea har eg sett ~~ik~~ ljøs på kista,
104. 2 stykkjer, og det talet er likt for alle, når det bli brukt ljøs.
105. Ljōsa gjekk etterpå til husbruk.
106. 107. 108. Det vart ikkje bore ljøs fyre kista.

109. Det skulde ikkje brenne ljøs heile natta fyre gravferda, men det drog så ut med stellet fyreat, at dei vart haldande på langt utover natta og måtte ha ljøs.
110. 111. 112. Vakenatt og gråtekoner har vi ikkje høyrd om her.
113. I eldre tid, fyre kring år 1860, song dei liksalman' på sers måte - med lange tonar og sterk røyst, så det høyrdest vidt ikring. Men seinare, i all fall i dei siste 50 år, er også liksalmane sunge på vanleg måte.
114. No er det vanleg at presten er tilstades i heimen og held tale. Han er da med til kyrkja og held jordfestinga med det sama.
115. Dette er vanleg no, etter at "det offentlege" koster skyss for presten, -5 til 15 km. noko hard sjøveg og 5 km. landeveg. Ein kan rekne at dette har vore vanleg frå omlag år 1940, såsant presten kunde koma. Elles har presten vore tilstades i nokon mon også fyrr, men ikkje regelvisst.
116. Om presten var tilstades, så var det ikkje han som stod for songen. Også da var (er) det ein serskild som stod for songen. Fyrr var det mykje-godt læraren, men i seinare tid har vi tokke av at det ikkje er så like til å få læraren med til slik hjelp, og difor har det vore ein serskild tinga songar, ein som var rekna som god til ombodet.
117. Skjenk var det ikkje brukt, fyrr dei bar liket ut.
- 118.
119. 120. 121. Nokon streng skikk for kven som skulde bera ut liket var det ikkje, men også hittil har det vore ansa litevetta på at slekt og nære granar fekk høve til å vera dei fyrste til å bera, om dei vilde.
122. Liket skulde (skal) berast ut med fotenden fyre,
123. men kista skulde ikkje setjast ned på dørstokkjen.
124. Serskild utsaga op i veggen for å ta ut lik(kiste) om veit vi ikkje av, og vi veit heller ikkje om merker etter slikt.
125. Det vart til-dels strødd hakka eine eller granbar, når det var å få i, både på golvet inni huset og på eit lite stykkje av vegen ut frå huset.
126. Når kista vart bore ut, gjekk syngjaren fyre og song av ei salme. Herunder hadde både syngjaren og dei som bar, hatten (huva) av. Når dei var kome vel ut, sette dei kista ned på markja, så folk fekk ordne
127. seg til å fylgje, men det vart ikkje gjeve sterk skjenk.
128. Kvinnerne har alltid vore med i fylgje til grava, såvidt det var vør og rom i skyssen. I uvør og da serleg med båtskyss var det heller ikkje fleire
129. menner med, enn som hardt trengdest. Der det var (er)
130. båtskyss fylgjer alle med til sjøen, men dei som ikkje bli med, går attende til gravelsgarden.
131. Folk har alltid rekna det på den måte, at det var liksom meir ærefullt med stort fylgje.
132. Ved husdøra var (bli) oppsett port av små graner eller lauvtre, etter som det kan vera for hand, og vegen strødd med hakka bar.
133. Gardar frammed kyrkjevegen var ikkje pynta.

134. Det er ikkje vanleg å heise flagg på halv stong, om nokon døyr i grannelaget.
135. Frammed kyrkjevegen heiser slektningar flagg på h.s. under gravferda, når dei har høve til det.
136. Når gravelsfolkje var ventandes heim, gjekk (går)
137. flagget til-topps. Det er ikkje tale om å høyre kyrkjeklokkone her, da dei er for langt unda.
138. Dei heiser flagget heilt opp, når fylgjet kjem att.
139. Likfylgjet stansa ikkje ved gardan, og det var ikkje
141. nokon song. Likeins med båtskyss.
140. Det vart ikkje vifta med noko slags klede for likfylgjet, når det kom att. - Men under avferda til kyrkja vart det - etter at kista var kome ombord på båten, enten det var robåt eller (seinare) motorbåt og båten var snudd frå land mot fareleida - songe av ei salme og så vifta med lommeplagg, og med huar og hattar.
142. Landskapet her er ikkje slik, at det var rimeleg eller sømeleg åt dei "hauka" frå likfylgjet. (Det kunde gå an, om det var ei stor høgd eller eit fjellstykkje å fara over. - som t. d. i Bardu, når dei skulde fara med lik frå Innset over den over ei mil lange fjellhøgda til Straumslid for å koma på veg til kyrkegarden nedi bygda. Det var truleg dei hauka, når dei kom nordpå fjellet, så folk ned i dalen vart vare at dei kom).
143. 144. Ikkje omtala eller kjend.
145. Sume hadde eit myrkt teppe under kista, men det vanlege var ingenting, under køyringa.
146. Køyrehesten skulde helst vera myrklet. Noko anna om
147. hesten har ikkje vore omtala.
148. Dei køyrde så fort som hesten sjølv vilde gå - helst
149. med så lange steg som muleg. På heimvegen køyrde dei fortare, men ikkje med "kappkøyning".
150. Hesteigaren kørde likvogna. Og gjekk attmed vogna.
151. 152. Songaren hadde plass på ei fylgjevogn eller gjekk tilfots - som dei andre i fylgjet.
153. Her har det ikkje vore verre, enn at ein kunde koma enten med båt eller køyredøning.
154. Dei etterlevande hadde ikkje noko til merke på, kor-
155. leis det gjekk med den avlidne. Heller ikkje trudde dei at ein vart sæl etter ein viss døds måte.

På kyrkjegarden.

156. Det var ingen "rang" med å lyfte kista av køyredøninga. Det var (bli) sett tvo krakkar utfor kyrkjegardsporten, og på desse bli kista sett.
157. Reidskapen til bruk for gravleggjinga bli forvara
158. ved kyrkja og er heradet sin eigeidom.
159. Dei som skulde bera kista, seks mann, da helst av slekt og grannar, gjekk til og lyfta kista av krakkan, syngajaren fyre og sang (dei tok hattar og huvor av hovudet) og under kyrkjeklokke-ringing bar dei kista - utan å bli bore rundt kyrkje eller grav - til den opne grava og sette ho ned der. Så vart kista - med fire taug - senka ned i grava, og så stansa klokkinga frå kyrkjtårnet
160. Om sumaren eller i mildt vår måtte hesten vente ute medan fylgjet var på kyrkjegarden, men i kadt vår vart han sett i livd med klede på og høy til å eta.
161. Skulde presten vera tilstades, var han med i ferda frå gravelsgarden. Men om han ikkje var det, heldt han jordfestinga ved eit sei-nare høve.

162.
 163. Berre i einiskilde høve vart kista bore inn i kyrkja og utsonge derifrå, d.v.s. når det ikkje var nokon heim den avlidne vart førd ifrå, men kunde koma frå sjukehus eller kome sendt andrestads ifrå.
 164. 165. 166.

Grava.

167. Kyrkja vår var bygd år 1856, og frå sama tid har vi eigen kyrkjegard. Fyre den tida førde dei dei avlidne til Ørland kyrkjegard - med frå ½ til 2 mil sjøveg over Trondheimsleida og ½ mil køyring på veg. I fyrstninga etter vi fekk eigen kyrkjegard, måtte kvar som trengde grav for sine, greva sjølv, men snart vrt tilsett fast gravar - frå omlag 1860.
 168. Noko sernamn har vi ikkje på gravaren.
 169. Oså fyrr det var fast gravar, vart grava opp-kasta, fyreat. Men ti å kaste att grava hjalp dei til av folk frå likfylgjet, så gravaren kunde bli snarare ferdig til å koma seg heim tilkvells eller for å få bli med likfylgjet, når det hadde motorbåt. I dei siste omlag 50 år, frå lite over år 1900, har gravaren her havt 11 km. sjøveg til kyrkjegarden.
 170. -
 171. Dei kasta ikkje jord på kista etter jordfestinga.
 172. Symbolsk meining med jordfestinga var det nokk ikkje.
 173. Det vart sett ein stolpe nedi jorda på grava, når jordfestinga skulde vera seinare. Dei drog da stolpen opp så det vart eit hol til å kaste jord nedi.
 174. Gravene vart opphøgd med tilskore grastørv til ein låg avlang firkant påfyldt jord, så det vart på skap som eit lågt skrin, og oppå der planta dei blommar eller lyng, eller det vart sett blommar i kopp på grava. Noko slik har det vore i langsamleg tid, men kanskje i større mon i seinare tid.
 175. I seinaste tid er det påbode at gravhøgdene skal mest muleg janast ut, så alt bli jamn mark - av omsyn til "plenarbeidet". Serskilde pyntedagar er det ikkje, men folk steller gravene, så dei skal vera fine om sumaren, iallfall til konfirmasjonsdagen. Ljos eller juletre bli aldri sett på grava.

Serlege tilfelde.

176. Om sjølvordaren fekk sama stell og likklea som andre, har eg ikkje høyrd omtala, men det er lite truleg. Helst at han ikkje fekk vidare bra likklea.
 177. Kista vart vonleg bore gjenom kyrkjegardsporten.
 178. Liksledan eller båten tok dei med seg heim.
 179. Her i Agdenes har vi 2 sjølvordarar nedsett på kyrkjegarden. Dei har fått plass jamsides 15 a 20 meter sudaust frå kyrkja. Dette var en noko avsi-des stad, da dei vart nedsett, men no er andre graver kome nære til ikring deim.
 180. 181. Udøypte og for tidleg fødde bonn vart sett ned i grav saman med vanlege lik.

Gravøl.

182. Vi segjer "gravel".
183. Å be til begravels vart sendt ein mann, ein eldre slektning eller granne, men jamnast ein som mykje var å få til det, og som var "kjemeister" i "verskapet".
184. Det vart bedd som til vanleg "verskap", t.d. bryllup, men det kom ikkje så mykje bonn til gravel.
185. "Beamannen" var berre vanleg kledd, men det var helst ein eldre mann og hadde gjerne stav. (Eldre folk brukte meir enn no å ha stav i hand når dei gjekk).
186. 187. Berre ein gong i mi tid har eg sett og høyrd ein bra "beamann", kring år 1920 i Heim (Hemne). Han kom inn i stua, helsa på vanleg måte, og så sette han staven (la Han) burt i omntasin: Så stelte han seg opp framom omnen og bad inn til verskapet. Men ordlyden av bønna kan eg ikkje att gi.
188. Så fekk han mat og kaffi.
189. Beabrev vart ikkje sendt, utan til "langfarandes".
190. I seinaste tid - frå omlag 1940 & har dei gjort den meste innbedinga i telefonen.
190. Tvo dagar var vanleg gravelstid, men i nyare tid har det vorte til berre ein heil dag med eit etterpålåg for dei nermaste til middag og kaffi andre dagen.
191. Når folkje kom på fyremiddagen - i titida - Var (er) det frokost med kaffi, kake med smør, ost og anna pålegg, varm fiskmatrett attåt. Med 2 - 3 bordlag, som det kan bli i dei etter måten små heimane, tek dette eit par timar. Med likferda er det oppsmurd mat, som dei kveikjer seg opp med på heimvegen, - om dei ikkje har sett att matlaupen eller korgja i fjera, da dei før heimant,; for det hender. I femtida (17 ny tid!) er det middag, kan ta 2 - 3 timar. Etter ei røde- og røykestund og ein liten kristeleg andakt bli det kaffi med småbrød og "kaker". Når ein er ferdig med alt dette er det omlag midnattstid og dei som kan, fer da heim. For deim som ikkje har sjøveg, men får tillands bli matstellet på sama måte. Der dei har heldt heil 2. dag var matstellet som 1. dag ellest, men middagen kom tidlegare, og så var det rømmegraut med grautpinne etter middagen frå 1. dag.
192. Ingen mat var undatikje frå gravelsmaten.
193. Og ikkje forskjl på maten for gifte eller ugifte.
194. Det var (er) serskilde folk tinga til arbeidet og
195. stellet. Dei som ikkje var i begravelsa arbeidde som vanleg; men da folket var i gravels garden, stansa arbeidet av seg sjølv.
196. Gjestan' hadde "beiningar" med seg, når dei kom.
197. 198. 199. -
200. Nemningan' "heile" eller "halve" beiningar ~~xxx~~ kjenner vi ikkje.
201. Serleg lange "gravel" har det aldri vore, og serlege overgangsmåtar til stuttare "verskap" kan ein ikkje segja det har vore.
202. I tida frå år omlag 1890 veit eg ikkje av det har vore laga maltøl til gravels, men det har vore laga "sirupsøl" - med vatn, sirup, humle og gjester - til "tystedrykk". Brennvin veit eg ikkje om det har vore brukt i gravel her.

- Men i frå tida omlag 1910 kjøpte dei ferdige drykkevarer og sume hadde "bayersk" øl til middagsbordet. No kjøper dei ingefærøl og brus.
203. Beinings-sendingar har heldt seg lenger til gravel enn til andre gjestebod. Heimbygginga har vore meir uviss.
 204. Det kan nokk vera, at kransen har gjort noko til at "beiningan' " etterkvart vart mindre. I tida kring 1880 og utover skulde det i ei retteleg beining frå ei gardkona vera stor sirups- og vørterkake, smør i form og ein ost (gomme) på 3 - 4 kg. Men etter kransen' er kome vel i sving, greier det seg langt med ei thekake eller vanleg "blautkake" attåt kransen. At matsendinga har vorte mindre kjem òg noko av, at gjestebodet har vorte stuttare enn fyrr, så det eigentleg trengs vørterkake smør og ost til berre eit matmål.
 205. Alt tidleg sendte dei krans; når kan ikkje segjast.
 206. Dei vart laga heime, av bar og lyng av ymse slag, bartrékonklar, mose, reinsmose, lauv, raudmogne bjønnabær, alt etter årstida.
 207. No kjøper dei alle kransar, og ein kan gjerne segkappet med kvarandre om den gjævaste kransen, med sløyfer av ymse slag og låter, påprenta avskils- velfar- og takkehelsingar. Dette tok vel for ålvor til frå 1910 - 1920.
 208. Dei fleste kransar fylgjer med i grava. Bli ikkje jordfestinga gjort med det sama, bli 2-3 kransar heldt att til å pynte grava da.
 209. Kransar som soleis bli attheldt, tek dei med heim til jordfestinga skal vera.
 210. Matstellet no er i det store og heile som nemnd ovanfor. Alkohol bli ikkje brukt.
 211. Jordferdsmiddag bli heldt berre i heimen; ikkje på hotel eller andre matstuer.
 212. Vi kan rekne med, at dei tok til å lyse ut døyinga i blada kring 1900, men ålment har det ikkje vorte fyrr i denne tida, - kanskje ein kan segja 1950.
-